

«Draum-  
kvedet»

## «Draumkvedet»

☞ «Draumkvedet» er eit norsk visjonsdikt frå slutten av mellomalderen. Diktet skildrar eit syn (ein visjon) av kva som skjer etter døden.

☞ Mange reknar «Draumkvedet» for høgdepunktet i norsk balladedikting.

☞ Diktet har vore ei kjelde til inspirasjon for mange norske kunstnarar.



# Handlinga

☞ Forteljaren i diktet, Olav Åsteson, fell i søvn på julaftan og vaknar ikkje før trettande dag jul. Da rir han til kyrkje, set seg på kyrkjetrappa og fortel kva han har drøymt.

☞ I draumen har han gått «yver vigde vatne og yver djupe dalar» til han kjem til Gjallarbrua, som skil vår eiga verd frå dødsriket. Her er det ville dyr som ikkje slepp gjennom den som «feller domane vrangle». På ferda gjennom dødsriket får han sjå glimt av både skjærseld, helvete og paradys, og han møter jomfru Maria. Ho ber han dra til Brokksvalinn, plassen der «domen skal stande».

☞ Forteljaren skildrar kva han ser på vegen dit: Her er det sjeler som blir straffa for gjerrigskap, trolldom, incest og andre vonde gjerningar.

☞ Så får han oppleve kampen mellom dei gode og dei vonde maktene. Satan med hæren sin kjem setjande frå nord, mens St. Mikael og Jesus står i spissen for englehæren.

☞ Til slutt får Olav Åsteson sjå kva som skjer med dei angrande sjelene på dommedag. Dei blir vegne på vektskåla, og alle slepp fram til Jesus Krist. Ingen sjeler som angrar, er fortapte.



# Form

☞ Strofene i «Draumkvedet» følger mønsteret i den firelinja balladestrofa: Andre og fjerde linje rimar på kvarandre, første og tredje linje rimar ikkje. Kvar strofe sluttar med eit omkved.

Han la seg ned um joleftan og sterkan svevnen <b>fekk</b> ; vakna 'kje fyrr um trettandagjen, då folkje at kyrkjunn <b>gjekk</b> .	Strofe
<b>Og det var Olav Åsteson, som heve sovi so lengje.</b>	Omkved

(Kjelde for teksten: <http://www.aasentunet.no/default.asp?menu=1112&id=2633>)

☞ «Draumkvedet» skil seg litt frå andre folkeviser ved at dei ulike delane av diktet har skiftande omkved og melodi.



2. **H**an la seg ned um joleftan,  
sterkan svevnen fekk,  
vakna hji fyrr um trettandagjen,  
då folkje at kyrkjunn gjekk.  
**A**dæ va Olav Åsteson,  
som heve sovi so lengje.

3. **H**an la seg ned um joleftan,  
no hev'n sovi so lengje,  
vakna hji fyrr um trettandagjen,  
då fuskane skioke vengje.  
**A**dæ va Olav Åsteson,  
som heve sovi so lengje.

4. **H**an vakna hji fyrr um trettandagjen,  
då soli rann i lie,  
då sala han ut sjoftan solen,  
han ville at kyrkjunn rie.  
**A**dæ va Olav Åsteson,  
som heve sovi so lengje.

# Opphav

☞ Det er Jørgen Moe og Magnus B. Landstad som i 1840-åra gjer dei første nedskrivingane av «Draumkvedet».

☞ Det finst over hundre nedskrivingar av «Draumkvedet», og alle er funne i Telemark. Somme av dei er berre små brotstykke, og ingen av dei er heilt fullstendige. Dessutan skil dei seg til dels sterkt frå kvarandre.

☞ Den viktigaste nedskrivinga er etter Maren Ramskeid frå Bronkeberg.

☞ I 1890-åra laga professor Moltke Moe ein restituert versjon av «Draumkvedet». Han tok utgangspunkt i nedskrivinga til Maren Ramskeid og supplerte med strofer frå fleire andre kjelder for å få ein meir fullstendig tekst. Det er denne versjonen som er best kjend i dag.



*Som 19-åring drog Moltke Moe på sin første tur til Telemark for å samle folkeviser, segner og eventyr.*

☞ Det er vanskeleg å slå fast nøyaktig når «Draumkvedet» vart til. Innholdet samsvarar i stor grad med katolsk lære (for eksempel finn vi oppfatninga om skjærselden). Det er derfor truleg at verket vart skapt før reformasjonen.

☞ Vi finn også namn og omgrep frå norrøn mytologi. For eksempel er Gjallarbrua eigentleg brua over til Hel, det norrøne dødsriket. I «Draumkvedet» går brua over til det kristne dødsriket. Dette peiker mot at kvedet kan stamme frå tidleg mellomalder, ei tid da både kristen og norrøn mytologi var levande i samfunnet.



*Gjallarbrua illustrert av Gerhard Munthe i ei utgåve frå 1904*

# Visjonslitteratur

☞ Visjonslitteratur er dikting som prøver å skildre det som skjer med menneska etter døden. Vi kan ikkje få kjennskap til dette gjennom vanlege sanseinntrykk, derfor må slik kunnskap komme til forfatteren gjennom eit syn (ein visjon).

☞ Vi møter ein del visjonslitteratur alt i antikken, men i Europa var han ikkje særleg utbreidd før i mellomalderen.

☞ Formålet med den kristne visjonslitteraturen var gjerne å omvende folk og få dei til å leve eit gudfryktig liv. Mange av visjonane inneheldt utførlege og til dels groteske skildringar av pinslene som sjelene i helvete måtte gjennomgå.

☞ Forfatteren av «Draumkvedet» kjende nok til denne typen forteljingar, men i

«Draumkvedet» er tonen meir menneskeleg og forsonande.

☞ Den same tematikken som i «Draumkvedet» finn vi også i *Edda*-diktet «Sølarljod» og i Dantes «Divina Commedia». Dantes verk blir elles rekna for å vere høgdepunktet i visjonslitteraturen.



*Dante og Vergil i helvetet. Måleri av Euène Delacroix*

